



Ann-Therese Strønen
Ådlandsvegen 309
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18412 - 21/82275

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
06.12.2021

Søknad om utsleppsløyve vert avslutta utan handsaming - gbnr 341/28 Skarpeneset

Administrativt vedtak: **Saknr. 1306/21**
Tiltakshavar: Ann-Therese Strønen
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp
Søknadstype Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta §12-4

VEDTAK

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 12-4, vert søknad om utsleppsløyve for gbnr. 341/28 avvist. Grunngevinga går fram av vurderinga under.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Alver kommune har den 03.12.2020 mottatt søknad utsleppsløyve for eigedom gbnr. 341/28 Skarpeneset. Søknaden vart svart ut med mangelbrev datert 16.12.2020. Følgjande manglar vart etterspurd:

Kart

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4/13-4 fyrste ledd nr. 1 bokstav d). Anlegget si plassering i forhold til eigedomsgrenser bør komme fram av kartet. Avstand til tomtegrense og bygning må påførast.

Leidningstrase heilt fram til sjø må teiknast i kartet, du kan nytte vedlagte kart.

Privatrettslege tilhøve

Vedlagte situasjonsplan viser at utsleppsledning er lagt på eigedom gbnr. 341/2. Det ligg ikkje føre skriftleg avtale mellom deg og eigar av gbnr. 341/2 for legging av ledning på denne eigedomen.

I søknaden er det vist til at påkopling skal skje til privat kloakkleidning som går til sjø. Det må dokumenterast at du har rett til kople deg til denne ledningen. Vi treng også opplysningar om storleik og tilstand på denne ledningen.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsledning skal finglysast på eigedomane.

Nabovarsel

Søknad om utsleppsløyve skal nabovarslas. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-4.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Frist for tilbakemelding vart sett til 16.01.2021. Alver kommunen har ikkje motteke manglande opplysningar og vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. forskrift om begrensning av forurensing § 12-4. Søknaden vert avvist. Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18412

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ann-Therese Strønen

Ådlandsvegen 5919
309

FREKHAUG

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ